



Referat frå årsmøtet i Breivika Båthavn 2019.

Årsmøtet blei halde i klubbhuset i Breivika tysdag 26. februar 2019 kl. 18.00 – 18.45. Det møtte 16 medlemmer og det blei lagt fram 3 fullmakter. Dette gav årsmøtet totalt 19 stemmer. Styreleiar Kjell-Atle Reksten ønska vel møtt til årsmøtet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

2. Valg av møteleiar.

Einar Jacobsen blei valgt til møteleiar. Samrøystes.

3. Valg av referent.

Stein Malkenes blei valgt til referent. Samrøystes.

4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.

Per Arne Solheim og Sølve Helle blei valgt til å skrive under årsmøteprotokollen. Samrøystes.

5. Årsmelding 2018.

Styreleiar Kjell-Atle Reksten leste årsmeldinga og opna opp for spørsmål og debatt. Særleg galdt dette punktet om generasjonsskifte i båthamna der styret ønska innspel. Årsmøtelyden var samde om sjøve problemstillinga og med det som utgangspunkt hadde årsmøtet ein konstruktiv runde der fleire kom med betraktningar og innspel. Dette var både vurdering av å legge til rette for nye former for aktivitetar i havna for å involvere yngre medlemmer, at til dømes ein av styrerepresentantane bør velgast frå "den yngre garde" og at styret og andre prøver å engasjere breiare aldersmessig gjennom året. Når det gjeld dugnadsarbeid blei fordelen om å samle pensjonistar framheva, sidan ein då kan gjennomføre dugnadsarbeidet på dagtid. Styret fekk også honnør for å gjere eit godt arbeid og det blei nemnd at dette kanskje kan vere ei sovepute for mange andre medlemmer. Styret takka for innspela. Etter dette blei årsmeldinga samrøystes vedteken.

6. Rekneskap 2018.

Revisjonsrapport var sendt ut saman med årsmøteinnkallinga. Kasserer Einar Jacobsen orienterte og gjekk gjennom rekneskapen for 2018 post for post. Nokre av postane blei kommentert, drøfta og avklart. Særleg blei temaet omkring utleigeplassar drøfta og eit framlegg om å nytte Facebook til kunngjeringar om utleigeplassane blei teke inn som fornuftig å gjennomføre. Revisor kommenterte rekneskapen og understreka at det er solide verdiar i havna og at det framlagte rekneskapet er ryddig og solid gjennomført. Rekneskapen blei deretter samrøystes vedteken.

7. Utleigeprisar.

Einar orienterte og saka blei drøfta av årsmøtet. Samrøystes vedteken.

8. Pris på båt plassane.

Einar orienterte og saka blei drøfta av årsmøtet. Samrøystes vedteken.



9. Budsjett for 2019.

Budsjettet for 2019 blei lagt fram med eit driftsunderskot på kr. 22 300,00. Einar gjekk gjennom budsjettet post for post og årsmøtet kommenterte og reiste spørsmål undervegs. Spørsmåla blei drøfta og avklart, inkludert ei avklaring om forsikringsordningane som gjeld for havna og krav om private båtforsikringar for å bli medlem i båthavna. I tillegg vidare vurdering av nedbetaling av lån.

Etter dette blei budsjettet for 2019 samrøystes vedteke.

10. Saker frå styret.

10.1. Betre lyssetting i havna

Kjell-Atle orienterte om oppfølging av dette arbeidet. Samrøystes.

10.2. Tryggleiksplan

Kjell-Atle orienterte om innkjøp av redningsstigar. Samrøystes.

11. Innkome framlegg

Det var ikkje meldt inn saker til årsmøtet innan fristen. Saka blei teken til vitande.

12. Vedtektsendring

Styret hadde sendt ut framlegg til endring av vedtektene i §§ 1, 3 og 7. Samrøystes.

13. Ymse

Det var ikkje meldt inn saker under Ymse.

14. Valg


Rune Andreas Eick la fram valgnemnda si innstilling:


Styreløiar:	Kjell-Atle Reksten	(på valg for 2 år)
Bryggesjef:	John Reksten	(på valg for 2 år)
1. vara og medlem av valgnemnda:	Rune Andreas Eick	(på valg for 2 år)
2. vara og medlem av valgnemnda:	Per Arne Solheim	(på valg for 2 år)
Revisor:	Vidar Grønnevik	(på valg for 2 år)
Bryggeassistent:	Arvid Stavang	(på valg for 2 år)

Samtlege blei valgt med akklamasjon.

Årsmøtet slutt kl 18:45/sm

Årsmøteprotokollen er gjennomgått og godkjend:


Sølve Helle


Per Arne Solheim